

Vinterminne på isen

20.01.2010



Nedre del av elva var ein populær skøytearena. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den skikkelege vinteren har utløyst mange minne i bygda og Kristian Olav Bringedal minnast stor aktivitet både på ski og skeiser. I ein artikkel som han har kalla Vinterminne på isen er skeisene tema:



Fjellandsbøvatn var mest nyttå av dei frå Musland og Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vinterminne på isen

Asgeir Bjelland på Stord sette oss på sporet.

Han hadde gode minne frå 1950 talet med skeising på riksvegen og på elva.

Sjølv kan eg ikkje minnast skøyting på landevegen, men Kjell Magne Haugland fortel at det frå tid til annan var vanleg på Haugland og Musland.

No skal eg skriva litt meir utfyllande om is og skøyter for om lag 50 år sidan.

I dagleg tale sa vi skjessa. I artikkelen brukar eg både omgrepene skøyter og skeiser.

Uskedalselva og bakkane.

For oss som budde nede i bygda, var det det mest vanleg å bruka Uskedalselva.

Det hadde seg slik at før elva vart førebygd (mindre regulering), var det hølar som fraus til på vinteren. Det er nok å nemna: Klehølen, Dønhaughølen, Djupeshølen, hølen ovom holmen på Lind og særleg elva nedom og oppom Skulebru. Desse plassane var godt eigna for skeising. Ikkje dei store plassane, men nok til at vi lærte oss kunsten.

Vi brukte høgreregelen og skeisa opp under landet til Kåre Guddal, stoppa, snudde og ned mot bruia att og rundt brukaret på nedsida. Vi fekk særleg god fart på ned og så var det å makta svingen. Om ikkje kunne det gå gale med skrens mot det opne råket.

Holmane i elva på nedsida av bruia demde og roa vatnet. Difor fraus det til og vi hadde ein slags skeisebane. Elles var det sport i kor langt vi kunne ta oss opp elva på isen utan å måtta ta skeisene av. Det gjekk over stokk og stein og vi gjekk ofte gjennom der isen var rotan. Den leiken var såleis ein fårleg sport. Dessutan førte og til at vi skjemde ut skeisene.

Asbjørn Olsen hadde alltid fila på baklomma. Det var berre å stikka skeisa i høgaste veret og Asbjørn retta på det som feil var.

På Leite, der det var to hølar etter eit gammalt elvefar, fraus det lett til.

Her var det berre å gå rundt i ein sirkel.

Dersom det kom frost etter mykje regn, fraus pyttar til på bakkane. Ein høvande plass var hos Bjørn Olsen like ved riksvegen, der det faktisk legg seg vatn ved stor elv den dag i dag.

Fjellandsbøvatn

Dei frå Haugland og Musland nyttja isen på Fjellandsbøvatn.

Med kortare veg til isen, fekk dei eit godt grunnlag for å bli gode skeiseløparar.

Eg ser for meg Pål Haugland, Kjell Magne Haugland og Jens Musland.

Dersom det laga seg med skyss, var det ei storhending for oss nede i bygda å koma på den store isflata. Med stålis var det såre enkelt. Verre var det når vi først måtte måka bane. Den første dagen gjekk gjerne med berre til klargjering. Så var det oppatt nestedag for å leika Kuppern og Fred Anton Maier med begge armane på ryggen på langsida og den eine armen laus i svingane. Særleg spanande var det å ta seg opp det vesle elveløpet innover myrane under husa på. Fjellandsbø.

Skyss ja. Kven var så det? Arne på Sanden med mjølkebilen var ein gild mann. Han let oss få sitja på. Det høvde den eine vegen, men heimatt måtte vi gå eller bli henta av Gunnar Ulvenes med Ford Angliaen .

Opsongersvatn.

Det største var å få koma på Opsongersvatnet, på "internasjonal" bane laga av Arne Kaldestad og Otto Kolås. I 7. klasse hadde vi jamvel skøytedag på Opsongersvatnet, ei hending så stor at Tormod Myklebust og Olav Ulvenes stilte med nye skoskøyter. Tormod med sine Ballangrud var beste sorten mens Olav sine Wingskøyter var av noko ringare kvalitet. Sjølv fekk eg Ballangrud i storleik 45/46, kjøpt på Kikken i Rosendal. Altfor store og med saueull innlagd i tåa før dei kunne brukast. Skyss var: Ut med bussen og heimatt i Angliaen til Ulvenes. Vi vart likevel smågutar å rekna for på Opsongersvatnet. Alle var betre enn oss som kom frå den tronge dalen med hølane på elva.

Klubben

Noko gøymd ligg Klubben, ei tjødn på Børneset med ein liten holme midt i.

Her var gutane frå Eik, Padlane og Steinsletto einerådande. Aller nådigst fekk vi som budde innom bruoa koma på Klubben. Her skeisa vi motsols rundt holmen midt i. Torkel og Knut Stensletten og Padlagutane var alle gode på isen. Jamvel med endra landskap og meir vegetasjon er Klubben godt synleg i dag.

Fjorden

Eg kan ikkje minnast at Storsund fraus til. Stølavikjo fraus til i kalde periodar med mykje ferskvatn i sjøen. Det var rekna for å vera utrygg is og vi fekk aldri lov å fara dit.

Det var heller ikkje vanleg å bruka Mannsvatn, slik vi veit Herøysundarane gjorde med å gå til Helvikvatnet.

Ulike typar skeiser.

Eg minnest godt snablaskøyter med ei brei egg og ein slags snabel framme. Syster mi, Eli, måtte ta til takke med snablaskøyter dei første åra.

Yngre born lærte seg til på skruskøyter - skøyter festa med å skru til i sida.

Mest vanleg var lengdeløpsskøyter, hockey- og bandyskøyter med reimar.

Med bruk av beksaumssko sette du foten i nokre piggar på skøyta og så var det å dra reimar godt til. Dersom du ikkje var sterk nok til å festa skøyta, var det å få hjelp frå dei eldre. Pånytt var det å ty til Asbjørn Olsen. Han var ein kløppar på isen, meir som ein akrobat å rekna.

Skoskøyturene kom med full tyngde på 1960 talet.

Den første eg kan minnast med skoskøyter i Uskedalen, var Alf Bjarne Hansen.

Mikal Myklebust (busett i Haugesund) var tidleg ute med skoskøyter og meistra isen godt.

Ja, dette var det eg kom på i farten.

Har du gode minne, gjerne med biletet frå di tid på isen, lat oss få vita om det.

Kristian Olav Bringedal